

# Verdiskaping i Inn på tunet Møre og Romsdal

- Rapport frå verdiskapingsanalyse 2018



Eit prosjekt for å styrke kunnskapen om, og å vurdere framtidig potensial for verdiskaping frå  
Inn på tunet-næringa i Møre og Romsdal.



Analysen er gjennomført av Terese Jemtegård Moen ved Fjordhagen AS,  
og støtta av Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

## Innhold

- Rapport frå verdiskapingsanalyse 2018 .....	1
Eit prosjekt for å styrke kunnskapen om, og å vurdere framtidig potensial for verdiskaping frå Inn på tunet-næringa i Møre og Romsdal. ....	1
1. Bakgrunn/Målsetting.....	4
2. Metode .....	4
3. Demografi, erfaring, kompetanse informant/informantfamilie .....	4
4. Verdiskaping .....	5
4.1. Omsetning .....	5
4.2. Sysselsetting .....	5
4.3. Anna verdiskaping på garden utanom Inn på tunet-tilbodet.....	5
5. Lønsemد .....	5
5.1. Resultatutvikling dei siste tre åra .....	5
6. Samfunnsøkonomiske innsparinger .....	6
6.1. Kva samfunnsøkonomiske innsparinger har medlemsbedriftene i Ipt MR bidratt til? .....	6
6.1.1. Direkte og indirekte innsparinger generelt .....	6
6.1.2. Demensomsorg og samfunnsøkonomisk innsparing .....	6
6.1.3. Garden som pedagogisk ressurs – samfunnsøkonomisk innsparing.....	6
6.1.4. Arbeidstrening – samfunnsøkonomisk innsparing.....	8
6.1.5. Fysisk og psykisk funksjonshemming – samfunnsøkonomisk innsparing .....	9
6.1.6. Rusrelatert omsorg – samfunnsøkonomisk innsparing.....	10
6.1.7. Arbeid og språkopplæring for flyktningar – samfunnsøkonomisk innsparing .....	11
6.1.8. Avlasting barnevern – samfunnsøkonomisk innsparing.....	11
6.1.9. Friskliv/folkehelse – samfunnsøkonomisk innsparing.....	12
6.1.10. Aktivitetstilbod til fotlenkesoning fengsel – samfunnsøkonomisk innsparing.....	12
7. Ringverknadseffektar .....	12
7.1. Gardar i drift, arbeidsplassar og busetting i distrikta.....	13
7.2. Kulturlandskap.....	13
7.3. Kunnskap .....	13
7.4. Kjønnsbalanse.....	14
7.5. Utnytting av lokale ressursar.....	14
7.6. Godt folkehelsearbeid .....	14
7.7. Rekruttering i landbruket .....	14
8. Personlege og etiske gevinstar .....	15
8.1. For brukaren .....	15
8.1.1. Personar med demens: .....	15

8.1.2.	Garden som pedagogisk ressurs:.....	15
8.1.3.	Psykisk utviklingshemma.....	16
8.1.4.	Rusrelatert omsorg:.....	16
8.1.5.	Arbeidstrening:.....	16
8.1.6.	Avlasting barnevern.....	16
8.2.	For tilbydaren .....	17
9.	Kva potensiale finns i framtida? .....	17
9.1.	Sett frå kjøparane sin ståstad.....	17
9.1.1.	Kva er potensialet for Ipt-tenester innan din sektor/ ditt arbeidsområde? .....	17
9.1.2.	Korleis kan ein bidra til at Ipt får større merksemd med tanke på utvida bruk? .....	18
9.2.	Sett frå tilbydarane sin ståstad.....	19
9.2.1.	Generelle tilbakemeldingar .....	19
9.2.2.	Garden som pedagogisk ressurs.....	20
9.2.3.	Avlasting barnevern.....	20
9.2.4.	Arbeidstrening.....	20
9.2.5.	Arbeidstrening og språkopplæring for flyktningar .....	21
9.2.6.	Demensomsorg .....	21
9.2.7.	Rusrelatert omsorg.....	21
9.2.8.	Psykiatri .....	21
9.2.9.	Fysisk og psykisk utviklingshemming.....	22
9.2.10.	Fotlenkesoning .....	22
9.2.11.	Moglegheiter på andre forretningsområde utanom Ipt .....	22

## 1. Bakgrunn/Målsetting

Inn på tunet Møre og Romsdal starta som nettverksorganisasjon for Inn på tunet-tilbydarar i 2014. Nettverksetableringa har fått støtte både frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal Fylkeskommune og Innovasjon Norge.

Inn på tunet Møre og Romsdal er eit organisatorisk nettverk som skal ivareta interessene til tilbydarane innan merkevara "Inn på tunet" i Møre og Romsdal. Føremålet er å bidra til eit kvalitetssikra og innhaldsrikt Inn på tunet tilbod i Møre og Romsdal. Organisasjonen skal ta opp faglege, sosiale og organisatoriske spørsmål med felles interesse.

Organisasjonen er no godt etablert med 27 medlemsbedrifter. Av desse er 15 godkjente i Matmerk si godkjenningsordning for Inn på tunet. 12 bedrifter er i prosess for å bli godkjent. Av desse er 20 eigd og/eller drive av kvinner, 6 bedrifter er drive i fellesskap mann/kvinne og 1 bedrift eigd og/eller drive av menn.

Målet vidare er å auke verdiskapinga hjå medlemsbedriftene. For å finne utvikling- og framtidspotensiale for Inn på tunet-næringa i Møre og Romsdal har vi gjennomført ei verdiskapingsanalyse. Formålet med prosjektet er å styrke kunnskapen om verdiskapinga i Inn på tunet-næringa i Møre og Romsdal, og å vurdere framtidig potensial for verdiskaping frå Inn på tunet-næringa i Møre og Romsdal.

Resultatmålet er å gjennomføre ei verdiskapingsanalyse av Inn på tunet-næringa i Møre og Romsdal. Denne analysen kan bedriftene og samarbeidspartnarar nytte til å avgjere korleis ein skal satse vidare.

## 2. Metode

Fjordhagen AS v/Terese Jemtegård Moen har vore innleidt til å gjennomføre analysen, og styret i Inn på tunet Møre og Romsdal har vore styringsgruppe for prosjektet.

Analysen er gjennomført som ei kvalitativ undersøking basert på telefonintervju med 22 medlemsbedrifter (>80% av medlemmane) november 2017-januar 2018. Bedriftene har svara på spørsmål om bakgrunn, omsetning/rekneskapstal, sysselsetting, tilbodet på garden totalt, lønsemnd, ringverknadseffektar og døme på samfunnsøkonomisk innsparing som deira bedrift har bidratt til, personlege og etiske gevinstar for både brukarar og tilbydarar og sist men ikkje minst – kva potensiale finst i framtida. Vi har også kontakta kjøparar og samarbeidspartnarar som har svart på spørsmål om kva potensialet er framover for Inn på tunet-tenester innan deira sektor/ditt arbeidsområde, og korleis ein kan bidra til at Inn på tunet får større merksemd med tanke på utvida bruk.

Innsamla data har blitt samanfatta, anonymisert og vert framstilt samla i denne rapporten. Inn på tunet vert i rapporten forkorta som Ipt.

## 3. Demografi, erfaring, kompetanse informant/informantfamilie

Majoriteten av Inn på tunet-tilbydarane er kvinner i 40-50- års alderen. Nokre av tilbydarane driv garden og Inn på tunet-verksemda åleine, men dei fleste driv i samarbeid med samabuer/ektefelle, der også resten av familien ofte er involvert. På mange av gardane er det slik at kvinna driv Ipt-tilbodet og mannen har ansvaret for gardsdrifta.

Inn på tunet-tilbydarane har allsidig kompetanse og erfaringsbakgrunn. Her kan vi nemne både eksportmarknadsføring, formingsfag lærarskule, adjunkt/lærar, agronom, holistisk hesteterapaut,

ungdomsarbeidar, førskulelærar, vernepleiar, høgskuleutdanning helse- og sosialfag, økonomi og leiing, servitør, bibelskule, idrettslinje, jordbrukslinje, sjukepleiar, rekneskap, frisørfag, gartnarskule, hovudfag kjemi, hjelpepleiar og sosionom.

## 4. Verdiskaping

### 4.1. Omsetning

Medlemsbedriftene i Inn på tunet Møre og Romsdal omsette samla for 9,6 millionar kroner i Inn på tunet-tenester i 2017\*. Dette utgjer 37% av den totale omsetninga på desse gardane som er 25,9 millionar kroner. Ikkje alle av dei 22 bedriftene som var intervjua hadde kome skikkeleg i gang med tilbodet.

Fleire av tilbydarane antydar at omsetninga av inn på tunet-tenester er gradvis aukande år for år, og at dei planlegg å tilsette fleire medarbeidrarar på sikt.

\*17 av dei 22 bedriftene meldte inn omsetningstal.

### 4.2. Sysselsetting

Medlemsbedriftene i Inn på tunet Møre og Romsdal sysselsette i 2017 16 årsverk gjennom leveranse av Inn på tunet-tenester.\* Av dei sysselsette er 82% kvinner og 18% menn. Inn på tunet-tilbodet er altså svært viktig for kvinneleg sysselsetting på gardane.

Samla sysselsetting på gardane (alt medrekna av landbruksproduksjon, Inn på tunet-tilbod og andre forretningsområde) var på 35 årsverk. Av dette er 48% kvinner og 52% menn.

\*15 av dei 22 bedriftene meldte inn sysselsettingstal.

### 4.3. Anna verdiskaping på garden utanom Inn på tunet-tilbodet

Alle gardane har eitt eller fleire forretningsområde i tillegg til Inn på tunet-tilbodet. Dømer på dette er tradisjonelle landbruksnæringer som sauehald, smågrisproduksjon, mjølkeproduksjon, storfe-hald, juletreproduksjon, eggproduksjon, grovforproduksjon, kornproduksjon, frukt-, bær- og grønsakproduksjon og foredling- og sal av kjøt (gris, geit, sau) og skinn. I tillegg til dette er det også døme andre forretningsområde som kunstproduksjon, selskapslokale, gardsturisme hesteterapi, hovslagar, utleige av stallplass til hest, rideleir, rideskule, avl/oppdrett/sal av hest, temming/trening av hest, skogrydding- og bygdeservice-tenester og friluftsbarnehage.

## 5. Lønsemnd

### 5.1. Resultatutvikling dei siste tre åra

Medlemsbedriftene driv sine bedrifter som enkeltpersonføretak. Dei fleste fører ikkje resultatrekneskap med uttak av løn. Overskotet som dei sit att med etter eit år skal dekke dei timane dei har lagt ned, og dei fleste fører ikkje oversikt over timebruk. Det er difor ikkje mogleg å få gode samanliknbare tal på dette spørsmålet.

Svara gjennom dei kvalitative telefonintervjua tydar på at tilbydarane generelt sett meiner at overskotet av Inn på tunet-bedrifa er stabilt eller aukar jamt og at overskotet av gardsdrifta minkar jamt. Tilbydarane meiner at «timeløna» for Inn på tunet-tenester er anstendig.

Dei fleste tilbydarane har vore opptatt av å reinvestere overskotet i bedrifa. Fleire har søkt og fått lån og tilskot frå Innovasjon Norge og har dei siste åra gjort/eller har under prosjektering store oppgraderingar som skal styrke både Inn på tunet-tilbodet og garden generelt.

## 6. Samfunnsøkonomiske innsparingar

### 6.1. Kva samfunnsøkonomiske innsparingar har medlemsbedriftene i Ipt MR bidratt til?

For å få belyst dette spørsmålet spurde vi om bedriftene kunne kome med konkrete døme frå eiga bedrift. Desse er gjennomarbeidd og anonymisert her i rapporten, og vi har forsøkt å talfeste kva dei samfunnsøkonomiske innsparingane vil vere ved å kjøpe inn på tunet-tenester.

#### 6.1.1. Direkte og indirekte innsparingar generelt

Kommunane kan spare mykje pengar på å kjøpe inn på tunet-tilbod framfor å organisere tilbod sjølve. Dette fordi inn på tunet-tilboden heile tida er tilpassa brukarbeovet, og kommunen kjøper dei tenestene dei har bruk for. Dei slepp å binde personell, lokale og andre ressursar til brukarbeov som heile tida varierer. Er det ein brukar som har behov, kjøper kommunen ein plass. Er det fem eller ti som har behov så kjøper kommunen tenester til akkurat det talet brukarar. I tillegg får kommunen også ein stor meirverdi «på kjøpet» i form av tilgang til ein heilt annan og «frisk» arena/lokalisitet med til dømes både dyr, kårfolk og andre som jobbar på garden.

Det er også andre innsparingseffektar som ikkje kjøparen av tenesta merkar direkte, men som definitivt har positiv samfunnsøkonomisk effekt. Til dømes vil effektane av inn på tunet-tilboda for brukaren indirekte føre til at til dømes pårørande (foreldre/føresette, ektefelle/sambuar) kan halde fram i arbeid, og slepp sjukemelding eller omsorgspermisjon.

#### 6.1.2. Demensomsorg og samfunnsøkonomisk innsparing

Ipt-dagaktivitetstilbod for personar demens er eit «friskare tilbod» enn det som vert tilbydd på dei kommunale sjukeheimane. Ipt-tilbydarane i Møre og Romsdal har utvikla gode, tilrettelagde dagaktivitetstilbod for personar med demens som set enkeltpersonen i sentrum, og legg vekt på individuelle interesser, ynskjer og ressursar. Tilboda er tilrettelagde slik at den enkelte vert i stand til å bruke sine ressursar maksimalt og oppretthalde sjølvstende så lenge som mogleg. Derfor kan personar med demens bu lengre heime før dei må på sjukeheim dersom dei får Ipt-tilbod. Ein kan også få avlasta pårørande heime lengst mogleg, slik at dei held ut lenger i omsorgsoppgåva si. Bakgrunnen for desse påstandane er tufta både i tilbakemeldingar som Ipt-tilbydarane har fått frå helsepersonell i kommunane og pårørande til brukarane.

Ipt-tilboden dagaktivitet for personar med demens utset altså behovet for institusjonsopphold/sjukeheimsinnlegging. Kommunane i Møre og Romsdal sine utgifter per opphaltsdøgn i institusjon er i gjennomsnitt 3168 kr (kjelde: «Utgifter per opphaltsdøgn i institusjon» frå tabell [www.ssb.no/tabell/12209](http://www.ssb.no/tabell/12209) utvalde nøkkeltal). Eit Ipt-dagaktivitetstilbod for personar med demens kostar i gjennomsnitt 1500 kr per person per dag\* (kjelde: medlemsbedrifter Ipt MR). Eit vanleg Ipt-tilbod med dagaktivitet for heimebuande personar med demens er 2 dagar i veka. Det er lett å sjå at det ei stor innsparingseffekt ved at kommunane kjøper Ipt-dagaktivitetstilbod for personar med demens kr 3000 kr per person per veke, i staden for at vedkomande hamnar på institusjon som kostar 22176 per veke. I tillegg kjem også dei indirekte samfunnsøkonomisk positive effektane av at pårørande kan stå i arbeid lenger.

\*det er naturleg nok stor variasjon i prising, men dei fleste tilbydarar opererer med ein dagspris på inntil 4 brukarar i gruppe

#### 6.1.3. Garden som pedagogisk ressurs – samfunnsøkonomisk innsparing

Dette er Ipt-tilbod som kan vere både allmennpedagogiske for heile skuleklasser, barnehageavdelingar og SFO, og spesialpedagogiske opplegg ein til ein eller for mindre grupper.

Når det gjeld det allmennpedagogiske tilbodet kan Ipt-tilbydarane fortelje at evalueringar frå kjøparane viser at elevane både får betre helse, og at det er lettare for elevane å lære når dei får gjort dei praktiske oppgåvane knytt til å så, dyrke, hauste, i nokon tilfelle foredle og til slutt selje varene. Lærarane i desse klassene har uttala at det er mykje lettare å undervise klassene resten av veka, og at ungane er veldig takknemlege for at dei får denne moglegheita.

Dette er førebyggingseffektar som er vanskeleg å måle samfunnsøkonomisk innsparing på, men vi veit at dei indirekte er der. Betre helse for brukarane fører til at samfunnet sparer på utgifter til legebesøk, behandling og medisinering. Betre læringsituasjon fører til at færre fell ut av skulekvardagen, klarar å fullføre utdanning.

Tilbydarane kan fortelje om mange eksempel på brukarar som har slite generelt på skulen, men som klarar seg mykje betre, og «kjem over sperra» når dei får ro, tryggleik og noko som engasjerer gjennom Ipt-tilboden. Mange elevar er «ute og kører» både sosialt og i læringsituasjonen, dei klarar ikkje sitje i ro på ein skulebenk. Det er viktig med hjelp i ei kritisk fase, og meistring på garden har ført til at dei opnar seg for skulesituasjonen:

- Ein elev med traume deltok ikkje i fleire fag på grunn av dette. Etter å ha vore 2 år hjå Ipt-tilbydar deltek eleven no i faga på lik linje med dei andre. Erfaringar viser at elevar med ulike diagnosar kjem seg på skulen resten av veka når dei har den eine dagen med Inn på tunet-tilbod.
- Elevar som står i fare for å ikkje få karaktergrunnlag til å kome seg inn på vidaregåande skule har gjennom Ipt-tilbod fått opp karakterane og klart å kome seg inn på skule.
- Elevar som har droppa ut av vidaregåande har klart å fullføre vidaregåande skule med Ipt-tilbod 1 dag i veka.
- Elevar som har ein vanskeleg skulekvardag og er bøllete og rampete på skulen, har meistra kvardagen og hatt noko å sjå fram til etter å ha fått Ipt-tilbod. Dei har fått motivasjon til å kome seg på skulen att og klart å fullføre skulegang.
- Elevar som har sosial angst og asperger syndrom treng Ipt-tilbod over lengre tid, men dei utviklar seg heile tida gjennom aktivitetar som er tilrettelagt og der dei har det bra
- Ipt-tilboden førebyggjer negativ åtferd, motiverer til skulegang og får elevane til å fortsette på skulen i staden for å dette ut.
- Elevar som har hatt assistenter på skulen har etter ein periode med Ipt-tilbod ein dag i veka sleppe å ha assistent vidare.
- Ein elev hadde alternativt hamna på barneheim og blitt sendt ut av kommunen dersom eleven ikkje hadde fått Ipt-tilboden (PPT har stadfesta dette overfor tilbydar).
- Elevar som ikkje fungerer så godt i klasserom/klassesituasjonen blir synlege på ein annan måte når dei får ta del i Ipt-tilboden. Dei blir tryggare og sikrare på seg sjølv når dei slepp å «spele rolla si» i klassesituasjonen men kan vere berre seg sjølv. Mange døme på elevar som ikkje fungerer saman i klassesituasjon som får tilbod om Ipt-tilbod og som fungerer godt i lag når dei kjem på Inn på tunet.
- Tilbydar har fått tilbakemelding frå lærar om at svake elevar har hatt stor framgang over tid gjennom å ha fått Ipt-tilbod i tillegg til vanleg skuleundervisning
- Ein brukar som kom på garden som ungdom. Vedkomande fungerte ikkje i klassesamanheng på skulen, snakka ikkje eit ord norsk, og kommuniserte berre litt på engelsk, var av den stille typen og «ei hard nøtt å knekke». Etter eit halvt år med Ipt-tilbod kunne brukaren både snakke norsk, hadde opna seg og kunne fungere inn i klassa att. Det å kunne få vere 1 til 1, få trygghet og oppleve meistring var nøkkelen til suksess.
- Ein brukar klarte ikkje å fullføre vidaregåande skule, men som gjennom Ipt-tilboden har fått att trua på seg sjølv og no i dag har full stilling som avdelingsleiar i ei større bedrift og klarar seg sjølv fullt ut.

- Ein brukar hadde fått diagnose asperger syndrom. Då brukaren sjølv leste om kva dette innebar vart brukaren veldig inneslutta og deprimert, og ville ikkje møte på skulen eller ut av huset. Brukaren hadde ikkje møtt på skulen på fleire år då dei tok mot vedkomande inn på tunet. Brukaren takla i utgangspunktet ikkje pågåande spørsmål om seg sjølv, men knytte seg spesielt sterkt til eitt av dyra på garden, og spurde om å få ta det med i eit selskap. Det vart ein døropnar. Dyret vart også etter kvart med på skulen. Då tilbydar spurde kvifor, så svara brukaren at «dei spør korleis dyret har det». Dyret tok altså vekk det som brukaren opplevde som direkte og ubehageleg fokus på seg sjølv. Frå å ikkje kome ut av huset fekk brukaren fullført ungdomsskulen og har starta på vidaregåande skule.

Tilbydarane har gjennom intervjurunden gjeve mange døme på brukarar som gjennom Ipt-tilbodet har klara å fullføre ungdomsskulen og vidaregåande skule, og som no har jobb og eit heilt normalt liv. Her er det brukarane sjølve som seier til tilbydarane at utan Ipt-tilbodet på garden, så hadde det ikkje gått bra med dei, dei hadde ikkje klart seg. Dei fleste tilbydarane har enno god kontakt med tidlegare brukarar, og kan fortelje om at det har gått bra med dei fleste, dei er arbeidstakrar no, har familiar og fungerer godt i samfunnet.

Den direkte innsparingseffekten ved å nytte Ipt-tilbod for skuleelevar med behov for spesialpedagogisk opplegg vil vere knytt til at skulane nyttar verkemidlar som følgjer med elevar med vedtak meir effektivt. Mange skular brukar ressursar på ein til ein-oppfølging av elevar på skulen. Ved å kjøpe Ipt-tilbod betalar skulen berre for tilboden dei treng i den perioden som trengs. Eit år med Ipt-tilbod ein dag i veka kostar i gjennomsnitt 187.200 kr \* (kjelde: medlemsbedrifter Ipt MR). Ei 20% lærarstilling i ungdomsskulen (lektor med tilleggsutdanning, 16 år ansiennitet) kostar minimum 176.680 kr per år (kjelde: Utdanningsforbundet, KS lønskalkulator + 40% sosiale kostnader). Altså er kostnaden omtrent den same, men innsparingseffekten for skulen er at dei berre betalar for det tilboden dei treng i perioden som trengs. Dei treng ikkje sette av ressursar til ei 20% stilling eit år berre til dette formålet.

\* Gjeld ein til ein tilbod

Den indirekte innsparingseffekten kan synleggjerast gjennom å tenkje seg at dersom ikkje brukaren får Ipt-tilbod og det endar med at brukaren ikkje klarar å fullføre skulegang, så blir det store kostnadene for samfunnet seinare. Desse brukarane vil truleg bli avhengig av økonomisk sosialhjelp frå NAV sidan dei truleg ikkje hadde greidd å skaffe seg arbeid utan fullført skulegang og utan å kunne språket. Dagens satsar for økonomisk stønad frå NAV til livsopphald er 6050 kr/månad. Eitt års utbetaling av økonomisk sosialhjelp til livsopphald kostar staten 72.600 kr. I tillegg kjem utgifter knytt til bustad. Depresjon og rus kan også bli resultatet, og det vil bringe med seg ytterlegare kostnadene for samfunnet.

#### 6.1.4. Arbeidstrening – samfunnsøkonomisk innsparing

Dette er Ipt-tilbod til brukarar med ulike utfordringar, og målet er å hjelpe dei til å greie å få seg ein normal jobb i staden for å ende på økonomisk stønad frå NAV.

Gjennom Ipt-tilboden om arbeidstrening blir brukarane meir sjølvstendige og får meir tru på seg sjølv, dette fører til at dei greier seg betre i kvardagen også.

- Ein brukar budde hjå Ipt-tilbydar og betalte billeg husleige for mat og rom. Brukaren var i sitt ess når brukaren fekk ri, stelle dyra og vere med å ta imot grupper. Brukaren «hadde ikkje antennar» på andre område. Pårørande var svært nøgd med tilboden, og brukaren opplevde sjølvkjensle og meistring. Forslag til ønskt opplegg var at brukaren kunne bu i eiga leilegheit, køyre moped, og ha tilbod om 1-2 dagar i veka hjå Ipt-tilbydar, og arbeide resten av veka på

verna bedrift. Dette hadde ikkje fylket råd til. Brukaren bur no i leilegheit og må ha tilsyn. Brukaren stikk av mykje, lagar mykje styr, og går berre og driv fordi brukaren ikkje har noko aktivitetstilbod. Dette inneber store samfunnsøkonomiske kostnader; det er belastning på pårørande som må sjukemelde seg, det krev ekstra ressursar med tanke på tilsyn, det blir også ekstra kostnadar for samfunnet når det gjeld hærverk og øydeleggingar i mangel på meiningsfulle aktivitetar å ta seg til. Utfordringane er at det er «eit anna budsjett». Det er ikkje nødvendigvis det mest samfunnsøkonomiske løysinga totalt sett som vert vald, men den eine kjøparen sin manglande økonomi/vilje til å kjøpe Ipt-tilbod skaper stor samfunnsøkonomisk belastning for andre instansar.

- Brukarane blir sjeldan sjuke, det er godt frammøte heile tida. Fred og ro er attraktivt og det er god progresjon. Med Ipt-tilboden er det brukaren som pushar seg sjølv.

#### 6.1.5. Fysisk og psykisk funksjonshemmning – samfunnsøkonomisk innsparing

Ipt-tilbydarane fortel om mange døme på at psykisk utviklingshemma som elles er svært passive, blir aktive når dei får kome Inn på tunet. Då får dei vere med på aktivitetar - ta i ein kost, spade, skjere grønsaker i staden for å ligge på ei seng eller ein sofa. Brukarane blir meir sjølvstendige, kan ta bussen, handle åleine, kan gjere avtalar sjølv, kjem dit åleine, må ikkje ha med støttekontakt.

- Ein brukar med downs syndrom har avlastingstilbod. Brukaren har det bra på Inn på tunet, dette er tilbakemeldingar også frå pårørande. Brukaren bur heime og pårørande ynskjer å halde fram med denne ordninga. Kommunen tenkjer no å byggje leilegheiter for denne og same type brukarar, og tilsette personell for å følgje opp brukarane. Ipt-tilbydar meiner at dette alternativet kjem til å koste mykje meir for samfunnet enn å halde fram med avlastingstilbod på Inn på tunet.
- Ein brukar har hatt Ipt-tilbod 1-2 dagar i veka i 5 år. No er brukaren klar for å byrje på folkehøgskule ein annan stad i landet. Dette var heilt utenkjeleg då brukaren kom til denne tilbydaren.
- Ein svært krevjande brukar var vanskeleg for kjøpar å finne eigna aktivitetstilbod til. Brukaren likte best å vere åleine og lot seg lett provosere saman med andre. Ipt vart løysinga. Gjennom Ipt-tilboden får brukaren bruke kreftene sine på noko positivt, og bli sliten på ein god måte. Det gjev ein heilt annan livskvalitet å bruke kreftene sine på noko positivt. Brukaren gler seg alltid til neste dag, og vil opp og ut på Ipt-tilboden sjølv om brukaren skulle vere pjusk og därleg. Medisinering for å roe ned brukaren har heldigvis ikkje vore nødvendig, dette gjev også samfunnsøkonomisk innsparingseffekt. Kommunen får dekt mesteparten av utgiftene til denne brukaren frå fylket fordi dei får spesielle subsidier, kommunen har ansvaret for berre 10-15% av utgiftene sjølve. Kommunal omsorgsleiing er svært positive til Ipt-tilboden som denne brukaren får, og seier det er vel verdt pengane. Dei har ikkje noko anna alternativ som ville fungert, og det har også ein stor verdi for brukaren som får ein god kvalitativ kvardag.
- Ein brukar har fått stor fysisk helsegevinst av å vere der. Brukaren hadde i starten store problem med å bevege seg i ulendt terreng. Brukaren hadde eit sterkt ynskje om å ri. Ridetreninga i Ipt-tilboden styrka musklane, bevegelsen og balansen. Rygg og hofter fekk trening i takt med hesten sin bevegelse. Først kom dit klarte brukaren ikkje å gå i terrenget eller ri utan at fleire personar var med og støtta opp. No går brukaren på fjellturar sjølv, har fått mykje betre balanse og kan ri sjølv utan at nokon treng å støtte opp. Dette viser innsparingseffekt ved at personen ved betre fysikk ikkje lenger treng personell til stade som hjelper å støtte opp/bevege seg. Ipt-tilboden er positivt for brukaren både mentalt og fysisk, eit lystbetont tiltak der kvarldagen elles er vanskeleg å meistre.

#### 6.1.6.Rusrelatert omsorg – samfunnsøkonomisk innsparing

Rusmisbrukarar er ofte dårlege til å passe helsa si. Dei er ikkje snille med seg sjølve og bedøver seg sjølve med rusmisbruk. Dei hamnar ofte rett på sjukehus når det er noko, og då er det i tillegg svært alvorleg. Mange rusmisbrukarar har lite restarbeidsevne att, så Ipt-tilbydarane legg vekt på å finne aktivitetar som dei meistrar og finn meiningsfulle. Det er vanleg at brukarane har lav sjølvkjensle, og veldig lite tru på seg sjølv. Det ligg ofte tunge omsorgssvikt i bakgrunnen. Ipt-tilbydarane jobbar med å hjelpe brukaren å sette grenser og ta vare på seg sjølv. Ipt-tilbodet bidreg til at folk klarar seg, og gjev både fysisk og psykisk helsegevinst.

Ipt-tilbydarane fortel mange døme på at brukarane av Ipt-tilbodet får struktur i døgnet igjen, og at dei gradvis får ein grunn til å ta vare på seg sjølve og helsa si att. Brukarane har plutseleg fått ein grunn til å stå opp, kjemme håret, pusse tennene og ha eit skikkeleg kosthald. Ipt-tilbydarane fortel også at brukarane sluttar å ruse seg/rusar seg mindre medan dei er på Ipt-tilbodet, at dei fortel kvar dag «kva eg har gjort i dag som er bra for meg», og at dei vert snillare og snillare med seg sjølve. Ipt-tilbydarane fortel at brukarane etter kvart tør å stå ope fram i lokalsamfunnet og fortelje om at dei er på Ipt-tilbod og at der blir dei tatt godt vare på. Dei rekrutterer sjølve andre brukarar, ringer rundt til andre og seier at dei må skaffe seg plass på Ipt-tilbod.

- Ein brukar er på Inn på tunet 4 dagar i veka. Tidlegare skapte denne brukaren seg heilt vrang, slost med familien og forårsaka mange politisaker og utrykkingar. No rører brukaren ikkje lenger alkohol, har fred med nabane, og det er ikkje lenger politiutrykkingar. Det er ingen butikkar i nærliken av Ipt-tilbydar, garden ligg fredeleg for seg sjølv, og brukaren slappar av og stressar ned. Institusjon kunne vore alternativet, men det kostar mykje meir pengar enn Ipt-tilbodet. Slike brukarar påfører også helse-systemet store kostnader. Eksempelet viser at det er svært god samfunnsøkonomi i å gje brukaren Ipt-tilbod slik at vedkomande er i stand til å bu heime og fungere elles i samfunnet. Tilbydar fortel om mange slike brukarar. Samfunnet sparar på å sleppe akuttinnlegging på institusjon/klinik, og er sjølvsagt også svært positivt for brukaren å unngå innlegging på institusjon.
- Brukarar som tidlegare rusa seg har kome ut att i arbeid og fungerer godt i samfunnet.
- Brukarane har mange fleire rusfrie dagar når dei får Ipt-tilbod, at dei gler seg til å kome og er flinke å møte opp, det vert mindre skader, at helsa deira vert mykje betre og kosthaldet betre sidan dei får mat til faste tider. Tilbydar har dialog med brukarane, oppnår tillit og hjelper dei å ta kontakt med lege/sjukehus ved behov, og minner dei på at dei skal til legen i morgen. Vanlegvis vil desse brukarane koste samfunnet mykje fordi dei er mykje på sjukehus. Av brukarane som har vore hos denne tilbydaren har det berre vore snakk om småturar innom sjukehus. Ipt-tilbydaren fortel om ein brukar som har hatt behov for hjelp frå helse-systemet, men som aldri brydd seg om helsa si, og har ikkje brukt dei hjelpe-midla han har fått. Brukaren har gjennom Ipt-tilbodet fått tillit til helse-systemet, samarbeider no med heimesjukepleia og har fått mykje betre helse.
- Ein brukar som hadde fått behandling og kom til Ipt-tilbydar på ettervern. Brukaren var ikkje sosialt funksjonell, og angrep andre fordi han var usikker. I Ipt-tilbodet jobba dei mykje med sjølvkjensle, å sette grenser og ta vare på seg sjølv. Dyra på garden betydde svært mykje for denne brukaren. Brukaren skjønte kor viktig det er for dyra å få mat, omsorg og stell. Dette fekk overføringsverdi til brukaren sjølv. I Ipt-tilbodet jobbar dei også mykje med å retablere relasjonar til familien til brukaren, som brukaren hadde veldig negativ kontakt med. Brukaren var på Inn på tunet eitt år, og har i dag kome i gang med skule. Brukaren har også redusert medisinbruken svært mykje.
- Ein suksessfaktor i Ipt-tilbodet er at dei tilbyr ei hand å halde i, nokon som er der og gjev brukaren tilbakemelding. Det blir som ein livsstilsskule. Brukarane opplever at dei er trygge, har nære relasjonar, og at dei kan ta kontakt med tilbydar når noko er både godt og gale. Trivsel og edruskap sparar brukaren for mange tunge stunder. Ipt-tilbydar vert som ein

familie/ei primærgruppe og tek mykje ansvar, tek ansvar som om det er eigne familiemedlemmar. På legekontoret og hos NAV ser dei brukarane berre  $\frac{1}{2}$  time, men når dei er på Inn på tunet 3 dagar i 6 timer kvar dag skaper dette tryggheit og tillit.

Det er mykje skjulte ressursar i brukarane også, til dømes praktisk kunnskap om gamle handverksteknikkar og tilbydarane fortel at dei lærer mykje av brukarane sine. Brukargruppa samla kan ofte utruleg mykje. Gjennom å leite fram slike «skjulte» ressursar kjenner også brukarane at dei er til nytte. Dei vert engasjerte og gler seg til td. opne dagar på garden der dei kan få stille ut og selje produkt dei har laga. Dei vert dermed meir synlege for samfunnet rundt dei også.

#### 6.1.7. Arbeid og språkopplæring for flyktninger – samfunnsøkonomisk innsparing

Garden er ein arena som folk frå heile verda kjenner att. Dei tilrettelagde og kvalitetssikra tenestene i Ipt-tilbodet tek utgangspunkt i heile garden, livet og arbeidet der. Arbeitsoppgåvene er mangfaldige. Garden er også ein bustad, ofte med fleire generasjonar og mykje lokale tradisjonar. Dette gjev ei god base for både språkutvikling og arbeidstrening, der deltakarane kan oppleve meistring, utvikling og trivsel.

Ipt-tilbydarane fortel at dei ser at garden er ein god arena for både trivsel, integrering og språkutvikling. Brukarane kjenner meistring ved å gjere praktiske oppgåver i staden for å sitje på skulebenken, og dei lærer den norske kulturen og tradisjonane i praksis gjennom å vere Inn på tunet. Brukarane får gjennom Ipt-tilbodet utvida det lokale kontaktnettverket sitt. Gardstunet er fullt av liv med både reparatørar, mjølkebilbesøk, kraftforlevering, veterinærbesøk og trafikk knytt til andre næringar på garden.

Det har vore vellukka satsingar på etableraropplæring for innvandrarar med Ipt-tilbod. Ipt-tilbydarane driv eiga næring og ofte innanfor fleire forretningsområde. Dette gjer at dei som deltek på etableraropplæringa får mange ulike område å lære frå. Ipt-bonden sine erfaringar og praktiske døme kan vere lærerike for å forstå ei verdikjede, bli kjent med lover og reglar på området, kva ein må kjenne til av godkjenningar, søknadar, registreringar og så vidare. Overføringsverdien er dermed stor gjennom Ipt-tilbod om etableraropplæring.

Det er naturlege oppgåver med såing, dyrking, hausting, kanskje også vidareforedling og til slutt sal som gjer at dei lærer seg verdikjeda og korleis dei kan etablere og drive eiga bedrift.

Den samfunnsøkonomiske innsparingsa handlar her om at flyktningane lærer seg språket og skaffar seg lokalt nettverk på ein naturleg måte. Dei går frå å vere ein i mengda til å synast som individ i lokalsamfunnet. Dette Ipt-tilbodet gjer brukarane i stand til å anten ta vidareutdanning, starte si eiga bedrift eller få jobb og bli sjølvstendige utan å ende opp på NAV.

#### 6.1.8. Avlasting barnevern – samfunnsøkonomisk innsparing

Brukarar innanfor dette feltet får tryggleik og ein positiv og betre kvardag med Ipt-tilbodet. Brukarane av Ipt-tilbodet kan vere ungar som er så traumatisert at pedagogar og psykologar ikkje når inn. Dei er så lukka at dei ikkje vil opne seg i ein vanleg terapisituasjon. Brukarane kan også vere barn som treng ei pause frå familien sin eller barn til einslege foreldre/føresette eller fosterforeldre som treng eit lite pusterom.

- Ein ein av brukarane uttalte følgjande «Då eg byrja hos barnevernet var hjartet mitt stengt. No er hjartet mitt litt ope...» I dette tilfellet så var dyra på garden suksessfaktoren. Brukaren uttalte at «dyra likar meg uansett». Dyra aksepterer brukaren som han er, har ikkje førehandsoppfatningar, stiller ikkje krav og viser ubetinga kjærleik. Brukaren opplever stor meistringskjensle ved td. å kunne mestre store dyr.

- Det er ikkje nødvendigvis er dyra på garden som er den utløysande suksessfaktoren for at borna opnar seg. Det kan like mykje vere fokus på og interesse for gardsmaskiner og praktisk arbeid som snekring og vedlikehald. Spesielt er dette innsatsfaktorar som triggar mannlege brukarar.
- I fleire tilfelle har ungdommar fått Ipt-tilbod i staden for å bli sendt til institusjon. Ipt-tilbydaren kan også vise til fosterforeldre som har uttalt at avlastingstilbodet som vert gjeve på Inn på tunet er heilt avgjeraende for at dei ikkje må «gje opp» ungane.
- Ein brukar som no er vaksen, ringde tilbake for å takke tilbydaren for å ha gjeve brukaren meiningsa med livet. Brukaren var med på Inn på tunet aktivitetshelger frå brukaren var fire til sytten år.
- Behovet for psykolog-hjelp for brukarar vart mindre som følgje av Ipt-tilbodet. Brukarane har uttalt at settinga på Inn på tunet er veldig god.
- Ein brukar hadde bruk for sosialt nettverk og å bli meir sjølvstendig. Foreldra hadde også bruk for pustepause. Brukaren hadde Ipt-tilbod 1 time i veka i 1,5 år. Frå det å ikkje ville gjere så veldig mykje endra brukaren seg til å ville ta ansvar for å mate dyra, og aktivt spørje om det var oppgåver han kunne få gjere.

Dersom ein set kostnadane med Ipt-tilbodet opp mot kostnadar for institusjonsplassar i barnevernet så er dette eit lavterskelt tilbod i lokalmiljøet til brukaren som sparar det offentlege for mykje pengar. Dersom det går godt med brukaren så sparar ein også samfunnet for framtidige kostnadar som kan kome dersom brukaren ikkje klarar seg sjølv etter han fyller 18 år.

#### 6.1.9. Friskliv/folkehelse – samfunnsøkonomisk innsparing

Ipt-tilbydarar som har hatt brukarar på frisklivssentral som Ipt-tilbod melder attende om at brukarane har gått frå å vere inaktive til aktive både fysisk og sosialt. Dei har også erfaringar med at brukarane har kome tilbake i arbeid etter å ha hatt Ipt- frisklivssentraltilbod.

Effektane av at brukaren går frå å vere inaktiv til fysisk- og sosial aktiv er ikkje lett å måle når det gjeld samfunnsøkonomisk innsparing. Her veit ein berre at dersom brukaren vert meir fysisk- og sosial aktiv så er sjansen større for at folk får betre helse og ikkje belastar helsevesenet for kostnadene. Det er sjølv sagt lett å skjøne at dersom ein brukar gjennom å ha mottatt Ipt-tilbod om frisklivssentral har kome seg tilbake i arbeid, så er dette samfunnsøkonomisk innsparing då brukaren unngår å belaste dei økonomiske ordningane til NAV.

#### 6.1.10. Aktivitetstilbod til fotlenkesoning fengsel – samfunnsøkonomisk innsparing

Dette er brukarar som skal gjennomføre opp til fire månaders fengselsstraff eller har fire månader att til forventa prøvelauslating.

Brukarar har meldt tilbake om at dei kjerner at dei får gjort nytte for seg og at dei ikkje vert stigmatiserte når dei får Ipt-tilbod om fotlenkesoning og kan bu heime. Her er den samfunnsøkonomiske innsparinga også basert på at eit Ipt-tilbod kostar mindre enn ein institusjonsplass i fengsel.

## 7. Ringverknadseffektar

I tillegg til rein samfunnsøkonomisk innsparing i kroner og øre så fører Ipt-tilbodet med seg ein rekke positive ringverknadseffektar som er vanskeleg å måle i kroner og øre, men som har stor verdi for samfunnet likevel.

## 7.1. Gardar i drift, arbeidsplassar og busetting i distrikta

Mange av tilbydarane har gjeve direkte tilbakemelding i intervjuet om at det å kunne ha lpt-tilbod på garden har vore heilt vesentleg både for at dei framleis bur i bygda, og at garden framleis er i drift. Altså har lpt-tilboden positive ringverknadseffektar for at gardar framleis er i drift, at det er arbeidsplassar og busetting i distrikta.

## 7.2. Kulturlandskap

Ipt-tilbydarane gjev tilbakemelding om at deira lpt-tilbod hindrar attgroing, og kulturlandskapet vert tatt vare på gjennom beiting, gjerding, grøfting, slått og hogst.

Det vert også sagt av tilbydarane at dei er med å slå og beite andre gardsbruk også, som ikkje ville vore gjort dersom dei ikkje hadde drive lpt-tilbod.

Tilbydarane gjev også uttrykk for at dei gjennom å vere lpt-tilbydarar har fått augo opp for alle dei unike ressursane som dei har på garden, og at det meste kan brukast i Inn på tunet-tilboden:

- Naust med båt
- Seter på fjellet med dyr om sommaren
- Området ved elva
- Grønsakhagen

Det å kunne vise fram kulturlandskapet vil berre bli meir og meir verdt, og kan legge grunnlaget for andre næringsvegar på garden også, som til dømes gardsturisme.

Tilbydarane poengterer også at dei aktivt involverer brukarane i å ta vare på kulturlandskapet, også med tanke på miljø og berekraft. Dei ryddar plast i fjøra, noterer kva dei finn, måler mengder osv.

Med lpt-tilboden vert også ringverknaden at gardstuna med bygningar, skog og vegar vert halde i hevd.

## 7.3. Kunnskap

Ipt-tilbydarane er viktige kunnskapsformidlarar på mange forskjellige måtar. Gjennom dei ulike tilboda som er på garden vert det synleg både for brukarar, pårørande, kjøparar og samarbeidspartnarar kor allsidig og levande landbruket kan vere.

Gardane står for, og vidareformidlar viktig og grunnleggjande kunnskap til brukarane om heilheita/kretsløpet og det å ta alle ressursar i bruk; om korleis handtere dyr, korleis produsere mat, korleis lage ting av ressursane på garden, korleis ta vare på kulturlandskapet.

Gjennom lpt-tilboden får brukarane kunnskap om utfordringane i samfunnet både «korleis det er, korleis det var og korleis det kan bli». Til dømes handtering av søppel, og økologisk skeivheit når det gjeld bruk av ressursar. Garden og bondekulturen er på mange måtar eit eige økosystem der det har vore tradisjon for å gjere seg nytte av alle ressursar, og ein kan sjå døme på korleis daglegdagse utfordringar kan løysast.

Ipt-tilboden er ein sterk påverkar i danningsprosessen hjå brukarane, og har ein «oppdragarfunksjon». Ipt-tilbydarane fortel om brukarar som gjennom å vere med å føre dyra og måke møkk har forstått at det også er behov for å rydde og ha det reint heime og vere med å lage mat. Ingenting kjem av seg sjølv, og det er faktisk nødvendig å vere med å bidra. Det blir som ei realitetsorientering. Skulen driv utdanning, og lpt-tilbydar driv inndanning (læring med vekt på det som kjem frå kjenslene våre).

Kunnskap om tradisjonar er også ei viktig ringverknadseffekt av Ipt-tilbodet. Her kan brukarane kome inn i hus med historie og gamle ting, og lære om gamle handverkstradisjonar, juletradisjonar og lære seg og ta i bruk gamle oppskrifter og teknikkar som karding, spinning, baking, lage sopelimer osv.

Ipt-gardane vidareformidlar også kunnskap gjennom at dei tek mot studentar på hospitering.

#### 7.4. Kjønnsbalanse

Kjønnsbalanse er utan tvil ei ringverknadseffekt av Ipt-tilbodet i Møre og Romsdal. Hovudvekta av Ipt-tilbydarane er kvinner, og Ipt-tilbodet har ført til at kvenna har skaffa seg arbeidsplass på garden. Det er ofte mannen som har hovudansvaret for gardsdrifta, og kvenna som har hovudansvaret for Ipt-tilbodet. Gardane er i seg sjølv oftast for små til å leve av tradisjonelt landbruk åleine, det må kombinerast med noko.

Ipt er tenesteyting, og noko heilt anna enn råvareproduksjon. Desse tenestene må utviklast og seljast inn til aktuelle kundar. Her ligg det mykje spanande næringsutvikling, med verdiar kring omsorg, utvikling og trivsel med utgangspunkt i garden sine samla ressursar. Det ser ut til at dette i stor grad motiverer kvinner i landbruket.

#### 7.5. Utnytting av lokale ressursar

Ipt-tilbydarane nytter seg i stor grad også av lokale ressursar elles i bygda si og kommunen. Nokre leiger tomme hus/lokale av naboor, nokre tek med brukarane ut for å handle, andre koplar seg mot frivillig arbeid og bidreg aktivt til dugnad på td. friluftsområde.

#### 7.6. Godt folkehelsearbeid

Stikkorda for Ipt-tilbodet er god og sunn mat, fysisk aktivitet og sosialt samspel. Fleire av Ipt-tilbydarane har brukarar som slit med overvekt. Då er fysisk aktivitet eit av dei fremste stikkorda. Gjennom aktiviteten på garden blir brukarane aktivisert utan at dei merkar det, gjennom dei daglege gjaremåla og oppgåvene som må gjerast. Også for personar med demens er det å vere i aktivitet bevist å gje gode effektar.

Kontakt med dyr gjev mental styrke, og er veldig god terapi. Brukarane kjem på garden, slepper ned skuldrane og kan vere seg sjølv. På garden er det nokon som ventar på dei, og som treng dei. Rutinar og faste, gode, sunne måltid gjev viktig næring og vitig læring både der og då, men sjølvsagt også på sikt når det gjeld å endre livsstil.

Garden er også ein «normalsituasjon» som vert ei god ramme til dømes for foreldre som gjennom Barnevernet skal ha tilsyn med samvære. Her får dei tatt vekk fokuset frå den problematiske situasjonen og heller vere i lag om aktivitetar som «kjem av seg sjølv», til dømes aking på jordet. Garden er grunnlaget i alle kulturar, og til dømes vil flyktningar ofte også møte aktivitetar dei er vant med frå heimlandet, til dømes plukke egg.

Det er som tidlegare nemnt også dømer på at Ipt-tilbodet styrker brukarane si evne til å ta vare på si eiga helse. Til dømes har tidlegare rusmisbrukarar utvikla seg frå at det i startperioden for tilbodet var därleg reinsleight og mykje tisselukt, til at dei har byrja å kjemme seg, vaske seg og viser interesse for «stelle seg-dag» med stell av hår, neglar osv.

Mange fortel også om brukarar som har fått tilbake mental styrke til å kunne ta til på arbeid att.

#### 7.7. Rekruttering i landbruket

Ei tydeleg ringverknadseffekt av Ipt-tilbodet er at folk utanfor garden vert meir interessert i landbruk og får meir kunnskap om gardsdrift. Gjennom besøk av skuleklasser og andre brukarar på Inn på tunet får brukaren sjå at dette er noko ein kan jobbe med og noko av det kjekkaste ein kan gjere.

Lærarar og assistentar som er med brukaren på Ipt-tilbodet får også større forståing for kva landbruk er og kan vere.

Fleire av tilbydarane fortel at Ipt-tilbodet er heile grunnlaget for at dei bur og driv garden, garden hadde ikkje vore i drift utan Ipt-tilbodet. Inn på tunet-tilbodet rekrutterer altså direkte til overtaking og drift av gardar.

Fleire tilbydarar fortel også om at dei har god tru på at neste generasjon skal kunne ta over, og sjå at garden sine ressursar kan takast i bruk på mange måtar. Dei meiner at gjennom at dei sjølve har satsa «utradisjonelt» så viser dei neste generasjon at det finst mange moglegheiter og fleire bein å stå på.

## 8. Personlege og etiske gevinstar

Vi har spurd tilbydarane i Inn på tunet Møre om kva personlege gevinstar dei har sett at deira tilbod har bidratt til, både hjå brukaren, men også kva personlege gevinstar tilbydar sjølv sit att med.

### 8.1. For brukaren

#### 8.1.1. Personar med demens:

Brukarane har gått frå å vere å «usynleg» til «synleg» i samfunnet og brukarane tør å vere opne om sjukdomen. Når ein kjem i ei gruppe som forstår, så kan ein opne seg, og tørre å vise seg att.

Brukarane er med i tilboden over lang tid, heilt til dei er så dårleg at dei flyttar rett på demensavdeling. Det er eit godt teikn for Ipt-tilbydar at dei trivast, og at Ipt-tilbydar har lukkast med å legge til rette for trivsel. Pårørande viser også stor tillit til Inn på tunet-tilbydarane, og gjev dei tillit til å ta vare på folket sitt. Tilbydar får ofte høyre frå pårørande kor vanskeleg det er med heimesituasjonen, og at det er ei lette å få avlasting.

«Vi har kjemi vi veit du», var det ein brukar som sa til ein tilbydar etter at heimesjukepleien hadde jobba for at brukar skulle vere villig til å ta mot tilbydar på heimebesøk. Dette er den beste måten å gjere det på: Ipt-tilbydar kjem på heimebesøk saman med heimesjukepleien, blir kjent, finn dei personlege interessene til brukar, og får dei med på Ipt-tilboden. «Det er så trygt», var det ein annan brukar som sa.

#### 8.1.2. Garden som pedagogisk ressurs:

Det allmennpedagogiske tilboden har ei førebyggjande effekt. Elevane gjer det bra i praktisk prosjektarbeid, yter mykje og samarbeider godt. Det er ikkje fokus på enkeltprestasjoner, og elevane oppfattar Ipt-tilboden som utruleg positivt. Lærarane melder tilbake om at dette viser seg att i anna prosjektarbeid som dei gjer på skulen.

Ungar med spesielle utfordringar i kvardagen (td. asperger, traume, sosial kompetanse) har fått att språket og evna til å kommunisere.

Elevar deltek i skulekvarden att, også i fag dei har hatt angst for.

Elevar får karaktergrunnlag slik at dei kjem seg inn på vidaregåande skule.

Ungar som er utagerande mot folk blir heilt totalt audmjuke overfor dyra.

Elevar får eit sterkt personleg forhold til tilbydar og samstundes moglegheit til å kunne halde kontakta med familien og nærmiljøet. Dei greier seg inn i framtida og gjennom ei krise. Dersom dei får hjelp når det er på det verste, så går det bra etterpå.

.....minner for livet

Elevane får trøgga formidlingsevna, evna til å uttrykkje seg personleg. Elevane set pris på samtalene dei har undervegs og stressnivået vert senka.

#### 8.1.3. Psykisk utviklingshemma

Brukarane har gått frå å vere inaktive til å bli aktive, og dei blir betre integrert i samfunnet elles på ein positiv måte.

#### 8.1.4. Rusrelatert omsorg:

Brukarane har fått «ein kompis», nokon som betyr noko for dei, nokon dei veit bryr seg om dei og som er der for dei. Ipt-tilbydarane klarar å få brukaren sin tillit, og klarar dermed å påverke dei i positiv retning.

#### 8.1.5. Arbeidstrenings:

Brukarar med sosial angst har forandra seg frå å ikkje tørre å sjå på nokon til å opne seg, spørje spørsmål, vere interesserte og engasjerte. Fleire av desse er no i jobb.

Det oppstår mange situasjonar der det blir gode samtaler. Det at tilbydar er personleg involvert i det, og den gode ramma som gardsbruket er, skaper tillit til at folk opnar seg. Brukarane får samstundes rørt litt på seg. Enkle, innlysande oppgåver er veldig gode å ty til når ein brukar har mykje tankespinn. Rytmen og det daglegdagse, årstidene, ei konkret handfast verd der ein lagar mat og nyter utsikta.

Brukaren får ta seg ut fysisk, får ei årsak til å stå opp og få døgnrytmen på plass att, får kontakt med årstidene og får ein rytmefest i livet. Garden er ein arena der mykje av aktivitetane er tilrettelagd, ein slepp å konstruere noko å gjere på. Oppkonstruerte aktivitetar er ikkje meiningsfylte for brukaren.

Ein ser verkeleg kva konsekvensen Ipt-tilbodet har for ein brukar som ikkje har noko å ta seg til med. Det er så innlysande for brukaren kva som er nødvendig å gjere, det er ikkje konstruert aktivitet.

Mange brukarar har ikkje restarbeidsevne, då er det opplevinga som er viktig. Det er verdifullt i seg sjølv å sjå noko anna og treffe nokon andre. Gardsplassen er ein møteplass for mange. Det er mange som kjem innom (mjølkebil, inseminør osv.). Brukaren slepp å «forkomme i einsemd» og brukaren vert synleggjort og akseptert av samfunnet, og får eit sosialt nettverk.

#### 8.1.6. Avlasting barnevern

Brukarar av Ipt-tilbodet samvære med tilsyn slepp å vere til offentleg skode, eller å måtte vere på ein upersonleg plass som td. eit hotellrom eller ei utleigehytte på ein campingplass. Ipt-tilbodet er meir lik ein normalsituasjon, men likevel eit skjerma og tilrettelagt tilbod. Ipt-tilbodet har aktivitetar som gjer at foreldre og barn kan bygge gode relasjonar og gløyme/legge til side det som kan vere vanskeleg i kvardagen.

Brukaren kjem til ein stad der folk har tid til han/ho, og brukaren har rom for å vere seg sjølv.

Dyra gjev ærleg respons, og kan lære brukaren noko om korleis ulik åtferd påverkar andre. Når dyra ikkje vil ha kontakt, så viser dei det. Dersom ein ropar og skrik og spring etter dei, så blir dyra skremde. Brukaren lærer seg korleis han skal oppføre seg for å oppnå positiv kontakt, roar seg og får ein god relasjon.

## 8.2. For tilbydaren

Alle Ipt-tilbydarane snakkar varmt om den gode kjensla av at dei gjer ein forskjell for nokon. Dei kjenner at dei gjev noko som ingen andre kan gje. Dei ser at tilboden dei gjev fører til at brukaren utviklar seg positivt, at brukarane får att trua på seg sjølve, at dei har gjeve nokon ein god dag.

Ipt-tilbydarane set også stor pris på samarbeidet dei har i nettverket, og enkelte samarbeider også om å gje tilbod til kjøparar. Det er ofte lett å ta avlysingar «personleg», men samarbeidet gjer dette enklare å takle.

Tilbydarane fortel at dei får sterke, varige, personlege band til brukarane. Gjennom varig kontakt ser tilbydarane at det går bra med brukarane seinare.

Tilbydarane fortel at dei kjenner det verdifullt å kunne bruke erfaring og kompetansen sin til noko nyttig. Ipt-tilboden gjer også garden til ein sosial arbeidsplass.

## 9. Kva potensiale finns i framtida?

I tillegg til å spørje medlemmane våre om dette har vi invitert kjøparar av Ipt-tilbod i Møre og Romsdal til å seie noko om kva potensiale der er for auka kjøp/bruk av Ipt-tilbod innan sin sektor/arbeidsområde i framtida. Kjøparane er også inviterte til å kome med innspel om korleis Ipt-tilboden kan få større merksemd med tanke på utvida bruk.

### 9.1. Sett frå kjøparane sin ståstad

#### 9.1.1. Kva er potensialet for Ipt-tenester innan din sektor/ ditt arbeidsområde?

«Vi nyttar i dag Inn på Tunet i samband med Dagtilbod for demente. Dette samarbeidet fungerer svært godt!. Vi har tidlegare hatt eit samarbeid når det gjeld Frisklivstilbod, men måtte dessverre avslutte dette samarbeidet pga. manglande finansiering/budsjettsituasjon. Potensialet til samarbeid har vi innan fleire område:

- Frisklivstilbod er framleis eit aktuelt område
- Risikoavlastning i tilboden for born og unge, jamfør prosjektskisse utarbeidd i samråd med Inn på tunet-tilbydar.
- Døgnopphold for aktuelle grupper som har behov for trygge rammer ein periode.

Utfordringa slik det er i dag er finansiering av desse tiltaka. Vår kommune har slik eg ser det per i dag ikkje midlar til å utvide bruken av «Inn på tunet» tenestene innanfor Helse og omsorg.»

«Det er viktig at Inn på tunet har alternative aktivitetar. Vår kommune skal snart slåast saman med en større bykommune. Vi har brukt Inn på tunet som tiltak for 3-4 brukarar over en 5-års periode. Det er vanskeleg å spå framover, men vi antar at behovet vil ligge på dette nivået.»

«Eg er leiar i helse- og omsorgstenesta i kommunen, og i vår kommune er vi heilt avhengig av bruk av Inn på tunet-tenesta med dagtilbod for personar med demens. Det er ei veldig nyttig teneste for denne gruppa. Vi har i dag eit tilbod for 8 brukarar 5 dagar i veka. Vi har eit ganske stort tilbod per i dag. I juni 2018 auka vi talet på plassar frå fem til åtte per dag. Vi tenkjer utifrå kartleggingstestar, og slik vi ser det no, at det dekkjer behovet for denne gruppa for kommunen framover.»

«Eg er leiar i butenesta for psykisk utviklingshemma i vår kommune. Denne gruppa har tilbod om 1 dag med Inn på tunet-tilbod. Inn på tunet er eit fantastisk tilbod for våre brukarar. Arbeidsoppgåvene blir individuelt tilpassa, tilboden gjev brukarane meistringsfølelse, og dyra påverkar brukaren positivt både psykisk og fysisk. Vi har lenge hatt eit stort ønske om å auke bruken av Inn på tunet-tenesta, men manglar økonomi til dette.»

«Barneverntenesta sitt behov framover vil vere å bruke Inn- på- tunet som eit aktiviseringstilbod for barn eller unge. Det kan vere snakke om ettermiddagar, i helger eller i feriar (timebasert). Kan også vere aktuelt å bruke Inn på Tunet som eit avlastningstilbod for foreldre.»

«Vi kjøper i dag Ipt-tilbod for spesialpedagogisk gruppe ein dag per veke. Her er absolutt eit stort potensiale! Vi brukar no tenesta for ei gruppe med spesialpedagogisk opplæring, dette fungerer veldig godt. Ipt kan også brukast til allmennpedagogisk opplæring der heile klassar deltek i undervisning på tunet. Valfag kan og vere eit område ipt har potensiale, med tema som elevbedrift opp mot hagebruk, dyreproduksjon mm, hest som tema, og andre områder innanfor jordbruket. SFO kan også vere aktuelt.»

«Vi har eit stort ønskje om at det tilbodet vi har etablert no skal fortsetje framover. Ipt-tilbodet er heilt i tråd med Montessori- pedagogikken. Samstundes ser vi at oppgåvene som er tilrettelagt i Ipt-tilbodet bidreg til meistring, sosial utvikling og kompetanse, samt er viktig for borna si fysiske og psykiske helse. Ipt-tilbodet viser teori og praksis hand i hand. Vi har ambisiøse ynskje for framtida – at Ipt-tilbydar kan starte Montessori-barnehage, og vi tenker også at for ungdomsskulesteget så kan vi bruke Ipt-tilbodet opp mot å etablere elevbedrifter.»

9.1.2. Korleis kan ein bidra til at Ipt får større merksemd med tanke på utvida bruk?  
«Synleggjering av allereie oppnådde resultat er viktig. Synest dette er gjort på ein god måte i dag, med orienteringar i ulike politiske fora, orienteringar til ulike leiarar i kommunen, deltaking på eksterne konferansar og møte. Det er og teke i bruk nettsider for å synleggjere arbeidet som blir gjort.»

«Marknadsføring mellom annan gjennom fag konferansar der fagpersonell er til stede.»

«Vi har årleg rapportering og omtalar der Inn på tunet-tenesta. Vi bør bli flinkare til å få meir informasjon ut til politikarane, både når det gjeld korleis ein arbeider med brukarane på tunet og arbeidet demenskoordinator gjer utanom. Det er viktig å synleggjere effekten tilbodet har for våre brukarar, og få politikarane til å sjå det totale biletet for denne gruppa.»

«Det er viktig med positiv omtale og tilbakemeldingar ut til politikarane, våre tilsette og til folket generelt.»

«Vi har allereie ein plan om å fronte tilbodet vårt for politikarar og nye medarbeidarar for den nye storkommunen som vi skal inn i»

«Brukarane våre har eige blad som kjem ut jamleg. Der er det ei fin moglegheit til å fronte Ipt-tilbodet gjennom artikkel i bladet.»

«Bruke brukarorganisasjonane meir (LUPE OG NFU) for å fronte tilbodet og effekten brukarane har av å nytte seg av Inn på tunet.»

«Invitere brukarorganisasjonar, politikarar og våre nye samarbeidspartnarar i ny-kommunen til Inn på tunet-tilbydarane for å verkeleg få sjå kor fint våre brukarar har det.»

«Gjennom samarbeidsmøte med aktuelle instansar/sektorar (t.d. samarbeid med skular) der de gjer tilbodet kjent, og der det blir drøfta kva behov dei ulike instansane har.»

«Framtida er styrt av kommunen sin økonomi. Vi har fått lønsmidlar frå helsedirektoratet til vårt tilbod, maks 4 år. Så lenge vi ser at det verkar og der er brukarar så ynskjer vi å halde fram med å kjøpe inn på tunet-tenester for våre brukarar»

«Rektotorar deltek ofte i leiargrupper/ møter med andre leiatarar i kommunen, det kan vere ei fin moglegheit for å dele erfaringar om tilbodet. Litt marknadsføring som til dømes artiklar på skulen si heimeside, artiklar i media kan vere lurt for å nå ut til foreldre og andre. Gode tenester med høg faktor for trivsel og læring gir gjerne eit godt rykte blant lærarar, elevar og foreldre, og bidreg i seg sjølv med god marknadsføring.»

«Meir bilete og tekst til bruk på vår heimeside og facebook-side. Vi kan vere meir aktiv sjølve opp mot media. Frønt tilbodet gjennom Montessoriforbundet og deira magasin (artiklar).»

## 9.2. Sett frå tilbydarane sin ståstad

### 9.2.1. Generelle tilbakemeldingar

Felles for alle tilbydarane er at dei peikar ut kommunane som dei største og viktigaste kundane i framtida, for mange er dette hovudkunden i bedrifta. Framtida er på mange måtar styrt av kommunane sin økonomi. Kommunesamanslåing kan vere både ei utfordring og ei moglegheit.

Det er viktig at nokon (tilbydarane og eller Ipt Møre og Romsdal) arbeider for å påverke planarbeidet i kommunen slik at Ipt vert forankra i kommunale planar. Når planar skal rullerast, må ein arbeide for få med anten spesielt eller generelt at «IPT tenester skal nyttast der dette er samfunnstenleg.»

Fleire melder tilbake at dei er nøgde med tilbodsmiksen som dei har og ser moglegheiter for å tilsetje endå fleire i si bedrift dersom dei klarar å skaffe nye/fleire oppdrag.

Nokre bedrifter melder at dei er usikre på framtida fordi dei opplever at kunden (i mange tilfelle kommunen) vil ha tenesta, men at dei ikkje er villig til å betale det tenesta kostar. Kunden ser ikkje innsparingspotensialet eller effektane av å bruke Ipt-tilbod, og tenkjer at det er billegare/betre å produsere tenesta sjølv. Dette gjer at fleire er svært usikre på moglegheitene vidare. Dette viser kor viktig det er å jobbe opp mot politikarar og administrasjon for å unngå kutt i budsjetta og synleggjere at dette er ein god og kostnadseffektiv måte å gje brukarane tilbod på. Det er også ei utfordring med kortsiktige avtaler, men fleire bedrifter har levd greitt med dette i fleire år trass i at det er usikkert. Nokon tilbydarar melder om at dei har nokon førespurnader på vent, men at dei er for få og for små til å tørre å kutte ned på arbeid som er utanfor drifta på garden. For nokon har etterspurnaden frå kommunen berre blitt mindre og mindre, og til slutt så lite at dei har måtte legge inn på tunet tilbodet på is og ta seg anna lønna arbeid.

Fleire av tilbydarane opplever at det er veldig personavhengig om dei klarar å få seld inn tilbodet sitt. Kjøparen må verkeleg «ha skjønt det», altså ha kunnskap/vilje til å prøve tilbodet, og når ein først «når gjennom», så melder dei fleste kjøparane tilbake om at dei ser effektane av tilbodet og at dei har ynskje om å halde fram med å kjøpe tenesta. Fleire av tilbydarane har kjøparar som har uttala at dei er heilt avhengige av inn på tunet-tilbodet, og at dei ikkje har noko anna alternativ løysing på problemet sitt. Tilbydarane fortel om kjøparar som går langt i å leggi til rette for at tenesta kan gjennomførast også i vanskelege periodar med veg/tunnellstenging etc. Det er derimot ikkje alle kjøparane som ser innsparingspotensialet i å kjøpe inn på tunet-teneste framfor å måtte organisere og tilby tenesta sjølv. Det er ofte påtrykk frå pårørande som gjer at kjøpar vel å kjøpe inn på tunet-teneste. Det er vanskeleg for tilbydarane å vere «profet» i eiga heimkommune, det er ofte lettare å få overtydd kjøpar om at dette er noko å satse på dersom ein viser til eksempel frå andre kommunar.

Nokon av tilbydarane fortel at i sin kommune så har landbruksjefen vore sentral for at dei som tilbydarar har fått kontakt med kjøpar. Landbruksjefen har invitert tilbydarane til møte med alle etatssjefane, og dei har fått presentere seg. Dette har vist seg å vere ein god metode for å nå fram.

NAV er også peika på av tilbydarane som ein viktig kjøpar, der det bør vere eit stort potensiale for tenesteleveransar i framtida.

Nokre tilbydarar melder om at dei har oppnådd full kapasitetsutnytting, og at dei ikkje har kapasitet til å ta på seg meir.

Det vert nemnt av fleire tilbydarar at dei trur at andre tilbydarar av og til er redd for å samarbeide med kvarandre fordi dei er redd for at det skal bli mindre å gjere. Dei ser ikkje heilt moglegheita for at samarbeid faktisk kan føre til at ein kan ta på seg fleire og større oppdrag.

Ein sentral del i dei fleste Ipt-tilboda er dyreassisterte intervensionar som td. terapiriding. Tilbydarane trur det kjem til å bli eit auka behov for slike tilbod i framtida.

Tilbydarane nemner også generelt at dei trur det kjem til å bli eit auka behov for å tilbod der brukarar kan kome og finne roa, lage mat saman og ete rundt langbordet utan stress.

#### 9.2.2. Garden som pedagogisk ressurs

Fleire tilbydarar ser potensiale i å satse på dette feltet, både med allmennpedagogiske tilbod for barnehageavdelingar, heile klasser, praksisplass for elevar og spesialretta tilbod for elevar som fell utanfor i skulekvardagen. Dette gjeld både i grunnskulen, men er også eit behov på vidaregåande skular, spesielt for elevar som står i fare for å droppe ut.

For mange tilbydarar passar dette godt med sesongen og kapasiteten elles på garden. Nokon er skeptiske til at det binder ein mykje opp. Nokon nemner at ikkje alle lærarar/skular er like flinke på å skrive avvik når elevar går fysisk til angrep på medelevar og lærarar. Dette viser at det kan vere «mørketal» og at elevar ikkje får den oppfølginga/tilbodet dei bør ha for å kunne fungere i skulekvardagen.

Ipt-tilbod som sanserom for skule/barnehage og gardsleir som SFO-tilbod i fellesferien er peikt på som moglegheiter. Folkehøgskular kan også vere ei aktuell kundegruppe for dei tilbydarane som har det i nærleiken.

#### 9.2.3. Avlasting barnevern

Tilbydarane ser eit potensiale i å satse på tilbod til familiar som treng samvære. Avlastingstilbod for barn i helger og på ettermiddagar er også nemnt som eit område med svært stort potensiale, ein tilbydar nemner at han av kapasitetsmessige årsaker må takke nei til hundrevis av førespurnadar. Barnevernet og Bufetat vert framstilt som føreseielege og trygge kundar å satse på. Ei utfordring kan også vere å få denne brukargruppa til å passe saman med dei andre brukargroupene på garden. Nokon av tilbydarane ligg sentralt til ikkje så langt frå byane og ser eit potensiale der. Fleire ser eit aukande behov for å tilby hus på garden der familiar kan kome og bu og ha inn på tunet-tilbydar som ein støttefunksjon, brukarane av slike tilbod bur ofte i by.

#### 9.2.4. Arbeidstrening

Eit felt som har stort potensiale framover. Viktig å synleggjere verdien av at nokon kan klare seg sjølv dersom dei får eit slikt tilbod, og ikkje bli ei belastning for samfunnet.

Ein person som står utan jobb, og som har helseutfordringar kan fort bli einsam, og einsemd kan verke negativt inn på psykisk helse. Det er vanskeleg å finne tilbod som verkar for desse menneska, og inn på tunet kan vere svaret på dette. Inn på tunet er ein annleis arbeidsplass der brukaren får tilbod om reelle, meiningsfulle arbeidsoppgåver og der det vert skapt personlege relasjonar, tillit og der ein har god tid til brukaren.

Det er også potensiale i å auke ipt-tilbodet om arbeidstrening til personar med restarbeidsevne.

#### 9.2.5. Arbeidstrening og språkopplæring for flyktningar

Dette er eit område som dei fleste tilbydarane ser på som usikkert og veldig ustabilt. Fleire har opplevd å bli kontakta av kommunen sin flyktningkonsulent, men så har kommunen fått kalde føter og vil ikkje ha tilbod likevel. Det er mindre pågang av flyktningar og fleire flyktningmottak har blitt lagt ned.

Det kan vere eit potensiale i å rette seg mot spesifikke prosjekt på dagtilbod på arbeid- og språktrening. Der lyt ein følgje med på prosjektmidlar som vert utlyst. Det same gjeld innvandrarbarn som treng ekstra oppfølging.

#### 9.2.6. Demensomsorg

Demensomsorg er eit felt som fleire tilbydarar peikar på at dei vil halde fram med, og som dei ser potensiale i. Fleire nemner at dei meiner at kommunen dei held til i «heng etter» slik at behovet for dagaktivitetstilbod enno ikkje er reelt.

Helsedirektoratet har lyst ut ei tilskotsordning til kommunar for å opprette dagaktivitetstilbod for personar med demens. Når Demensplan 2020 er gjennomført skal kommunane ha ei lovfesta plikt til å tilby eit tilrettelagt dagaktivitetstilbod for personar med demens. Det er enno kommunar i Møre og Romsdal som ikkje har dette på plass.

#### 9.2.7. Rusrelatert omsorg

Dette er eit felt det burde vore satsa på. Tilbydarane kjenner til personar i sin kommune som går i årevise og ikkje kjem ut av sitt eige mønster. Dette er belastande for samfunnet i dag, og det vil både gje økonomisk innsparingseffekt og gje livsgnisten tilbake til brukaren om ein kunne satse på dette.

For rusmisbrukarar er det viktig med små, ivaretakande grupper. Dersom ein klarar å jobbe slik ein gjer i dag med ei lita gruppe, og positive, engasjerte personar i arbeid, er det lett å fortsette. Det einaste brukarane vil er å vere der kvar dag, dei spør om å få auka tilboden. Kanskje neste skritt er å ha ope kvar dag. Har også diskutert med kommunen å ha tilbod til dei som held på å det utføre – no treng dei døgnope/helg.

Blant dei eldste er målet ikkje at dei skal slutte å ruse seg, men at dei skal få fleire rusfrie dagar. Dei yngre kan ein kanskje klare å «redde». Lavterskelttilbod er undervurdert – det vert brukt for lite midlar på det. Her er mykje å spare inn, lave kostnad og gode resultat. Det må forskast mykje meir på kva som ligg bak slik at ein ser gevinsten. NAV har nok også talmateriale på korleis brukarar utviklar seg.

#### 9.2.8. Psykiatri

Fleire tilbydarar ser potensiale innanfor dette feltet, spesielt med brukarar som har behov for å betre psykisk helse og meistringskjensle. Dette gjeld eigentleg generelt for alle brukargruppene til Inn på tunet. Nesten umetteleg marknad for slike tilbod innanfor psykisk helsevern. Brukarane vert i dag ofte sett i bås; har du schizofreniliding så skal du vere på dagsenter. Dei går då ofte glipp av den personlege og individuelle oppfølginga. Desse brukarane får ei heilt anna type meistringsoppleveling i kvar dagen med kontakt med dyr som gjev kontant og ærleg tilbakemelding. Nokon tilbydarar nemner at det ikkje er aktuelt å ha tilbod til dei tyngste tilfella innanfor psykiatri.

#### 9.2.9. Fysisk og psykisk utviklingshemming

Fleire tilbydarar ser potensiale innanfor dette feltet. Nokon nemner funksjonshemma barn i barnehagealder og spesielle tilbod for dei. Kroppsleg og fysisk trening gjennom Inn på tunet-aktivitetar er eit aktuelt tilbod til denne målgruppa.

#### 9.2.10. Fotlenkesoning

Fleire tilbydarar har fått førespurnad om dei kan lage tilbod om fotlenkesoning. Dette er utfordrande for dei fleste tilbydarane då det oftast er fleire brukargrupper som skal passe saman.

#### 9.2.11. Moglegheiter på andre forretningsområde utanom Ipt

Reiseliv - gardsturisme med selskaps/møtelokale, spesialarrangement «Jul i stallen», besøksgard, fisketurisme og bondegardsferie vert også peika på som ei moglegheit frå fleire av Ipt-tilbydarane. Markedet etterspør familieopplevelingar og tilbod med spesialpakkar. Dette kan også vere arrangement som til dømes. «Jul i stallen» og open gard på julemarknad. Nokre nemner at manglande kunnskap om gardsturisme hjå dei som sit med ansvaret for kommunal næringsutvikling hemmar utviklinga. Kan føre til «krasj» mellom «vanlege» reiselivsbedrifter og gardsturismebedrifter.

Gardsmatproduksjon og lokalmatbutikk er også nemnt av fleire som eit potensielt forretningsområde. Dette kan til og med vere eit område som kan vere ein del av Ipt-tilbodet der brukarane er med og tek del i produksjon- og salsprosessen på ulike vis.

Keramikk, glas, kunst- og souvenirproduksjon med gardsbutikk og kursverksemd er også nemnt som ei moglegheit av nokon. Dette er også delvis eit område som kan vere ein del av Ipt-tilbodet der brukarane er med og tek del i produksjon- og salsprosessen på ulike vis. Spesielt opp mot unge vaksne som har ei viss kreativ evne men som manglar struktur. Kan motivere veldig til å gjere ting. Nå fram til skapartrongen. Enkel produksjon. Kan også vere entreprenørskap opp mot skuleklasser.

Kursverksemd kan også vere eit potensielt forretningsområde. Ipt-tilbydarar med spesialkompetanse på sine felt/konsept kan kurse andre Ipt-tilbydarar i å tilby det same i sin kommune, til dømes skulehage, dagaktivitetstilbod for personar med demens osv.